

INFORMASJON OM SKULEFRITIDSORDNING (SFO) og LEKSEHJELP I VANG KOMMUNE SKULEÅRET 2023-2024

SFO-TILBODET

Skulefritidsordninga er eit omsorgs-, tilsyns- og aktivitetstilbod for 1.-4. klasse og for barn med særskilte behov i 1. – 7. klasse.

Opningstider:

Før skulen: frå kl. 7.15 fram til skulestart

Etter skulen: til kl.16.30

I skuleferie-veker: 08.00 – 16.00

Minstetal for at SFO-tilbodet blir reelt er 4 elevar. (Påmelde elevar på morgon- og ettermiddagstilbodet blir telt kvar for seg.)

Om 4 eller fleire søkjer tilbodet blir det SFO i haust- og vinterferien og to veker (veke 25 og 26) etter skuleslutt i juni og ei veke i august (veke 32) før planleggingsveka for skule og SFO. Talet på søknadar blir vurdert for kvar veke.

Betalingssatsane for SFO er frå 01.08.2023:

- SFO-plass i skuleåret (aktuelle dagar registrerast i Visma Flyt Skole): - gratis.
- SFO-enkeltdag i skuleåret - gratis
- SFO-plass, 1,5 dag i ferieveke, 1. og 2. klasse -gratis
- SFO-plass i ferieveke, 1. og 2.klasse, pr. 21.8.2023 (12 t gratis): -kr 1172,- pr. veke
- SFO-plass i ferieveker, 3. og 4. klasse, pr. 21.8.2023 : - kr 1675,- pr. ferieveke

Ved oppseiing av SFO-plass i ferie som er bestilt ved bindanede påmelding, blir plassen fakturert uavhengig av bruk.

Enkeltdagar: 90 kr. pr. time for kvar påbegynt time

For elevar i 1.-4.klasse kan det søkast om redusert foreldrebetaling dersom betaling for SFO-plass vil utgjere meir enn 6 % av inntektene til hushaldet.

For elevar med særskilde behov på 5.-7. årstrinn er det mogleheit for gratis SFO-plass.

Påmelding til SFO:

Søknad i **hovudopptaket for skuleåret 2023-24** må registrerast elektronisk i «føresettportalen» i Visma, innan **søknadsfristen 31.mars 2023**. Link til søknad i føresettportalen finn du her:

<https://www.vang.kommune.no/tenester/utdanning-og-kultur/utdanning/skulefritidsordning-sfo/>

Søknad til SFO i skuleferien skjer i forkant av kvar ferie etter informasjon til føresette i Visma.

- Søknadsfrist for ferieveker sommaren 2023 (veke 25, 26 og 32): **25. april 2023**.
- Søknadsfrist for haustferien (veke 41): **15. sept. 2023**.

LEKSEHJELP

Kommunen har eit tilbod om leksehjelp etter skuletid for elevar i 3.,4., 5. og 6.klasse. Tilbodet er gratis. Leksehjelpe er eit frivillig tilbod.

Leksehjelp skuleåret 2023-2024:

VBU:

Måndag: kl. 13.40 – 14.40

Onsdag: kl. 13.40 – 14.40

Skuleskyss etter leksehjelp:

I følgje Opplæringslova har elevar på visse vilkår rett til skyss etter den pliktige opplæringa. Det er ikkje nokon lovfesta rett til skyss etter tilbodet om leksehjelp, men ein vil så langt som rå leggje til rette for skyss også etter leksehjelp.

Start- og sluttid på VBU skuleåret 2023-2024:

Klasse	Måndag		Tysdag	Onsdag		Torsdag	Fredag
	Skuledag	Leksehjelp	Skuledag	Skuledag	Leksehjelp	Skuledag	Skuledag
1.-2.	0900-1310		0900-1440	0900-1310		0900-1440	0900-1310
3.-4.		1340-1440			1340-1440		
5.-6.	0900-1310	1340-1440	0900-1440	0900-1310	1340-1440	0900-1440	0900-1440
7.				0900-1440			
8.-10.	0900-1440		0900-1440	0900-1440		0900-1440	0900-1440